



<https://malakoff.no/festivalkart/>

Til Billettkjøparar

Vi ønskje deg hjarteleg velkomen til Malakoff. Her er praktiske opplysningar som kan vere nyttig å lese før du kjem til festivalen.

Opningstider festivalområdet: Fredag kl. 15.00-01.00 | Laurdag kl. 14.00-01.00

Opningstider Malakoffcampen: Fredag kl 1100 til Søndag kl 1300



Armband - Bytte billett til band

Fredag: kl 1000 – kl 0030

Laurdag: kl 1000 – kl 0030

Innbyttestasjonen finn du ved hovudinggangen til festivalarenaen.

Merk at det er personleg frammøte. Dagsbillettar kan berre bytast den dagen den gjeld for. Dvs at har du ein laurdagspass kan denne bytast først laurdagen.

Hugs ID og bytt til band i god tid før favorittartisten går på scena!

Malakoffparken, Nordfjordeid 19-20 juli

SPELETIDER

Fredag 19. juli <small>Dørene opnar 15:00</small>		Lørdag 20. juli <small>Dørene opnar 14:00</small>	
KNEKT	15:30	ODDNY	14:30
BJØRN EIDSVÅG	16:20	SARAH KLANG ^{SE}	15:25
MOTORPSYCHO	17:30	EUROBOYS	16:20
BRENN.	18:45	VICTORIA NADINE	17:15
ADEN FOYER	20:00	ANNA LILLE	18:10
THE WAR ON DRUGS ^{US}	21:00	SPAN	19:10
PANDAPANDA	22:45	SLOMOSA	20:20
AURORA	23:45	CEZINANDO	21:20
		GANGAR	22:30
		KAIZERS ORCHESTRA	23:30

Parkering

Festivalparkering 500 m frå festivalområdet/campområdet ved Eid Stadion, Øyane

Sykkelparkering

Har du anledning til å sykle eller gå til festivalområdet, er det supert! Sykkelstativ finn du ved hovudinngangen

Dette kan du ikkje ta med deg inn på konsertområdet

- Medbrakt mat og drikke
- Grill/anna påtenningsutstyr
- Skarpe gjenstandar, t.d. paraply
- Campingutstyr (telt, stolar, luftsofa osv.)
- Hund eller andre husdyr
- Video- eller lydopptaksutstyr
- Speilreflekskamera
- Selfie-stang
- Flasker og termosar
- Gjenstander forbudt etter norsk lov

Vaktene kan nekte publikum å ta med gjenstandar dei vurderer kan vere ein risiko inne på festivalområdet, men dei kan også utvise skjønn om du har spesielle behov.

Mat og drikke

På festivalområdet sel Malakoff tradisjonell og deilig rockemat som rockeburger, pomes frites, rockepølser, rockesveler og popcorn. Aske har matstand med sal av m.a. pulled pork-burger og chili sin carne og Los Tacos sel Mexican food. På festivalcampen finn du Pizzabakeren og Simple & Delicious. Alle matleverandørane har vegetariske eller veganske alternativ.

På festivalområdet er det ikkje tillate å ta med inn mat og drikke.

På +18 området (skjenkeområdet) får du kjøpt alkoholholdig og alkoholfri drikke på ulike salgsstasjonar som har ulik menyar.

Gratis vannstasjon finn du både på +18 området og område som er for alle.

Miljø

Malakoff innfører miljøgebyr for plastglas. Miljøavgift vil gi eit reinare festivalområde, bidrag til å bli meir miljøbeviste, og at meir av plasten går til gjenvinning

For kvart nytt glas du kjøper, betaler du 20 kr i miljøgebyr. For å sleppe dette gebyret kan du levere inn eit brukt glas der du kjøper drikke. Når du leverer inn siste glas for kvelden, kan du få ein bong som du kan levere inn dagen etter for å sleppe nytt miljøgebyr. Alle glasa går til gjenvinning.



Vakumtoalett av «deluxe standard i verdensklasse» både på konsertområdet og Malakoffcampen! HC toalett både på konsertområdet og på Malakoffcampen.

Transport – EKSTRARUTER TRYGT HEIM

- Sjekk www.skyss.no for offentlig transport
- På www.nordfjord.no finn du ymse reiseinformasjon
- Ekstra bussruter heim etter festivalen fredag og laurdag. Bussane går frå Eid Rutebilstasjon kl 01:30 til: Sandane, Førde, Grodås, Stryn, Måløy, Selje/Stadlandet (via Allmenningsfjellet) Billett kjøper du ombord.



Tryggleik

Malakoff vil at alle skal ha trygge og gode opplevingar på festivalen, om dei er gjestar, aktørar eller frivillige. Vi har ein vaktstyrke med frivilligvakter, innleigd vaktsselskap Protect og politi. Desse har eit spesielt fokus på tryggleik, men det er vårt felles ansvar at alle har det trygt og godt.

Ta vare på hørselen din

Øyreproppar er tilgjengelege for deg som er på vakt. Publikum kan få øyreproppar på standen til vår generalsponsor Sparebanken Sogn og Fjordane. Publikum kan kjøpe hørselsvern til barn i rockestæsjeltet midt på festivalområdet. Hørselshemmedes Landsforbund har også stand ved inngangen der dei deler ut gratis øyreproppar til publikum.

Andre konsertar utanfor festivalområdet:



Heksene i [Witch Club Satan](#) med eksklusiv klubbkonsert i Gymmen 18.juli!
KJØP BILLETT

